



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 202/04	Formannskapet	20.09.2004

Ref: 2004001840 -1 Ark. 200

Sakshandsamar: Harald Risnes

Skatteoppkrevjarfunksjonen - NOU 2004:12 Betre skatteopphevjing - Høyring.

Presentasjon:

Eit offentlege utval – skattekreverutvalet – tilrår statleg organisering av skatteinnkjevjinga.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Skattebetalingslova.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsuttale frå Kommunenes Sentralforbun dat. 20.08.04.
- Sak nr. 30/02 frå Nordfjordrådet vedk. kommunane sitt ansvar for skatteinnkjevjinga m.m.

Ikkje vedlagt:

- NOU 2004:12 Betre skatteopphevjing.

Saksopplysningar:

I Noreg er det kommunane ved skatteoppkrevjaren som står føre innkjevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorane som er staten, fylkeskommunane, kommunane og folketrygda. Skatteoppkrevjaren har og ansvaret for arbeidsgjevarkontrollen. Øvrige stasskattar og avgifter vert kravd inn av statlege innkrevjoingsmynde.

Finansdepartementet oppnemnde 23.05.03 skatteoppkrevjarutvalet til å vurdere og foreslå tiltak som kan betre skatteoppkrevjarfunksjonen. Retningslinene for utvalet sitt arbeid er rekna opp i 5 punkt:

- Beskrive trongen for trongen for forbetring/endingar innanfor dei tre hovudfunksjonane i den lokale skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Vurdere forbetringstiltak innanfor ein fortsatt kommunal organisering.

- Vurdere forbedringstiltak innanfor ei statleg organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen.
- Gjere greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane av tiltaka som er vurderte.
- I prioritert rekkefølge fremje konkrete tilrådingar til tiltak som kan føre til betring av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Utvalet er gjennomgåande samstemte når det gjeld vurderingar og forslag til funksjonelle forbedringstiltak, og at desse kan gjennomførast uavhengig av organisatoriske løysingar. Utvalet har vidare tre alternative modellar for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Dagens kommunale modell.

I dagens modell er det ein skatteoppkrevjar i kvar kommune. For arbeidsgjevarkontroll er det mange stader etablert interkommunalt samarbeid. Per 31.03.2004 er det etablert 3 felles skatteoppkrevjarkontor for til saman 9 kommunar. (Ein slik samarbeidsmodell var vurdert i samarbeidsprosjektet mellom Nordfjordkommunane i 2003). Det faglege ansvaret for skatteoppkrevjinga ligg til staten, og det administrative ansvaret ligg til kommunen.

Modell med forskyving oppgåvefordeling.

I denne modellen er arbeidsoppgåver forskyvne i forhold til dagens statlege og kommunale skattemyndigheiter. Modellen er ei mellomløysing mellom dagens ordning og ei rein statleg løysing. Modellen innebær at oppgåvene med skatterekneskap, veiledning/informasjon, arbeidsgjevarkontroll og frivillig betaling vert overført til fastsettingssida (likningskontoret) og at kunn tvangsinnkrevjing vert utført av skatteoppkrevjar.

Statleg modell:

Denne modellen innebær at skatteoppkrevjinga vert overteken av staten og regionalisert. Det kan tenkjast mange løysingar for ein statleg modell. Skatteoppkrevjarutvalet tek utgangspunkt i ein muleg modell der funksjonane skatterekneskap, frivillig betaling, arbeidsgjevarkontroll og informasjonsverksemd vert overført til likningskontora, og der det vert etablert egne regionkontor for tvangsinnkrevjing.

I vurderinga av modellane har utvalet delt seg i eit mindretal og eit fleirtal. Mindretalet på to meiner at det er flest argument som talar for framhald i kommunal organisering av funksjonen, men fleirtalet på fem ser statleg organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen som mest naturleg ut frå oppgåva sitt innhald og karakter.

Sentralstyret i KS handsama utgreiinga og meiner skatteinnkrevjinga framleis må være ei kommunal eller felles-kommunal oppgåve. Det blir understreka dei positive erfaringane ein har med skatteinnkrevjing som kommunal oppgåve. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er svært god understrekar KS og den kan bli enda betre. Sjå elles KS sin høyringsuttale som ligg ved.

Fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane har hatt saka opp til handsaming og gjort slikt vedtak:

”KS i samspel med aktuelle aktørar, som NKK (Norsk Kemner- og Kommune-kasserarforbund): Vil bidra med utarbeidd informasjon og argumentasjon overfor

høyringsinstansane til bruk i deira sakshandsaming, og for å sikre fortsatt kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga i Noreg.

Fylkesstyret vil ta saka opp med Stortingsbenken for å gjere gjeldande dei framlagte argument for ikkje statleggjing av skatteoppkrevjarfunksjonen.

KS Sogn og Fjordane vil oppmode kommunane om å lage eiga høyringsfråsegn innan høyringsfristen 1. oktober 2004 med bakgrunn mellom anna i vedlagte informasjon/argumentasjon frå KS.”

Vurdering:

Rådmannen er samd med KS i at skatteinnkrevjinga framleis må vere kommunal eller felleskommunal oppgåve. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg stadfestar at dette er ei fornuftig ordning. Likevel er det rom for forbetring, til dømes gjeld dette arbeidsgjevarkontrollen. Dei økonomiske rammevilkåra for kommunane gjer at kommunane ikkje finn å kunne oppprioritere denne arbeidsoppgåva i konkurranse med andre viktige samfunnsoppgåver som kommunane har ansvaret for. I si tid utarbeidde skatteoppkrevjarane i Nordfjord ein plan for ein interkommunal arbeidsgjevarkontroll, men kommunane fann ikkje å kunne følgje opp tilrådinga.

Skatteoppkrevjarutvalet har som nemnt vurdert tre modellar. Ingen har gått inn for modell med forskyving av oppgåver. For så vidt er det godt forståeleg, for den minner meir om ein ”kvasimodell”. Det kan likevel vere vert å sjå nærare på eit alternativ til denne modellen.

Dersom ein kunne sjå fleire oppgåver innan same tematiske område i samanheng, kom ein kanskje til andre resultat – til dømes om ein ser temaet skatt, trygdeavgift, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift i ein heilskap der ein både tek omsyn til utlikning, kontroll og innkrevjing. Det vil seie at ein ser på omfordeling av oppgåver både på lokalt og regionalt nivå, og som kan styrke og utvikle fagmiljøa nær brukarane.

I dag er kontroll og innkrevjingsoppgåvene overfor næringslivet fordelt slik:

Kontroll:

Fylkesskattekontoret har kontrolloppgåvene og fastset grunnlaget for meirverdiavgift.

Likningskontoret har ansvaret for fastsetting av skattegrunnlaget (inntektene)

Kommunane ved skatteoppkrevjaren har kontrollansvar for fastsetjing av grunnlaget for trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift.

Innkrevjing:

Skattefuten har innkrevjingsoppgåva for meirverdiavgift.

Kommunane ved skatteoppkrevjaren har innkrevjingsoppgåva for skatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift.

Forslag til alternativ organisering:

Fagansvar, rettleiing og administrasjon.

Fylkesskattesjefen og skattefuten sine funksjonar bør kunne samordnast/slåast saman.

Kontroll:

Likningskontora bør kunne ha den samla oppgåva for fastsetting av grunnlaget for meirverdiavgift, skattegrunnlag og grunnlaget for trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift (arbeidsgjevarkontroll).

Innkrevjing:

Kommunane ved skatteoppkrevjaren bør kunne få ansvar for all innkrevjing av meirverdiavgift, skatt og arbeidsgjevaravgift.

Moment som går att i effektiviseringstiltaka er minimumsstorleikar knytt til fagmiljø, arbeidsmiljø, sårbarheit og interne rutinar. Konsekvensane av dette er tenester bort frå brukaren og sentralisering.

Eit anna trekk knytt til strukturelle endringar er at det ser ut som den teknologiske utviklinga – IKT – vert nytta til å legitimere ei sentralisering, til dømes med eit underliggende argument om at kundane i større og større grad kan nå den aktuelle etat direkte gjennom nettet. IKT må ikkje bli ein premissgjevar får strukturendringar. Det bør snarare vere det motsette – det vil seie vektlegging av tilgjengelegheit og lokal tilknytning. Ved å utnytte teknologien kan ein lokalt arbeide i tette faglege nettverk uavhengig av fysisk plassering.

Strukturendring og sentralisering som ofte pregar utviklinga i statlege tenesteområder, står ofte i motstrid til staten sin politikk på andre områder. Døme på dette er at staten gjennom ulike stimuleringsiltak som næringshagar, kompetansestover og ulike bygdeutviklingstiltak legg stor vekt på å bygge opp kompetansearbeidsplassar i distrikta. Også med dette som bakgrunn bør staten tenkje heilheit i offentleg tenesteproduksjon og omfordele oppgåver mellom sentralt og regionalt nivå til lokalt nivå. Samfunnet har teknologi til å gjennomføre dette.

KONKLUSJON:

Den teknologiske utviklinga gjev moglegeheiter for å oppretthalde og utvikle tenester nær brukarane. Dette styrker offentleg sektor sin kunnskap om land og folk, noko som er svært viktig i møte med og arbeide for brukarane. Sentrale og regionale myndigheiter kan følge opp dei lokale tenestene med prioritet på rettleiing og fagleg utvikling. Det må leggest stor vekt på samordning og heilheitsstenking på tvers av forvaltningsnivåa - jfr. forslag til alternativ organisering nemnd ovanfor.

Ei nødvendig effektivisering må ikkje – og treng ikkje – kome i strid med vitige distriktpolitiske målsetjingar som til dømes busetjingsmål, livskraftige distriktssentra og likeverdige tenestetilbod. Ei samordning av det offentlege tenestetilbodet – statleg og kommunalt - må vere ei målsetting, men det krevst heilheitsyn, tolmod og ressursar for å få alt på plass.

Synspunkta som er målborne her vart lagde fram for Nordfjordrådet i møte 21.06.02. Nordfjordrådet slutta seg til konklusjonen – jfr. utskrift av møteboka som ligg ved.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn formannskap meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal eller felles-kommunal oppgåve. Erfaringane ein har med skatteinnkrevjing som ei kommunal

oppgåve er positive. Mellom anna av omsyn til innbyggjarane si rettsikkerheit, ei brukarvennleg skatteinnkrevjing, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkevald innsyn og kontroll, og ikkje minst den gode løningsgraden for innfordring av skattekrav, gjer at Stryn formannskap meiner at skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal oppgåve.

2. Skulle det likevel vere aktuelt med endringar av innkrevjingsfunksjonane, vil formannskapet rå til at det vert sett nærare på ein modell der ein ser fleire oppgåver innanfor same tematiske område i samanheng slik det er gjort i saksutgreiinga ovanfor. Gjennom ein slik modell vil ein ta vare på dei ulike instansar sine sterke sider samtidig som ein styrker fagmiljøa nær brukarane og oppnår rasjonaliseringseffekt.

Handsaming i Formannskapet 20.09.2004.

FO-202/04 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.


Harald Risnes

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Finansdepartementet, Skattelovavdelinga,
Postboks 8008 Dep., 0030 Oslo
Nordfjorrådet v/Blindheim, her.
Nordfjordkommunane
KS-Sogn og Fjordane
KS, Oslo